

løyende saker 08



"NORGE RUNDT PÅ 80 MINUTT"
OPNING AV DEN NYE RUDILÅVEN
4 X KVELI S EINGÅNGSREUV
GO'BETAKUÆILL PÅ RUDI
BRASS-BRØR OG VÅGÅ SPELMANNSLAG
DEN STORE GRÅTASS- & FAMILIEDAGEN
UTSTILLINGER MED KJENDE
GUDBRANDSDALKUNSTNARAR OG JORUNN YGRE ROGNE,
TETT PÅ PER TOFTE - VANDRING I EIT TEATERLIV
"HELLBILLIES - FOR UNG OG GAMMAL"
CREEDENCE NIGHT
SETERDAG PÅ VALSETER
INGRID BJØRNOV OG KARI SLÅTTSVEEN
"DANS MED ME SOLVEIG"
BAKSIA
SHEEP O HØY



Rudi Gard

www.rudigard.no



Rudi Gard

www.rudigard.no



konsertar



servering



overnatting



utstilling



arrangement



seterliv

Kjære publikum!

Det er ein milepæl for oss å ønskje velkomen til nye Rudilåven. Å ta vare på den uformelle ramma som Rudi er kjent for er hovudfokuset vårt i denne store ombygginga. Du vil fortsatt koma inn i ein låve, med spennande løysingar for eit stort spenn av arrangement. Gode artistar, kunstnarar, mat og møte mellom folk er fortsatt det viktigaste, og vi ser med forventning fram til å skape nye opplevingar i lag med tilsette og samarbeidspartnere.

Velkome til gards!

Helsing Nina og Øystein Rudi og resten av familien

RUDI GARD ligg i Sør-Fron i Gudbrandsdalen, 70 kilometer nord for Lillehammer. Garden ligg i eit av dei eldste og mest verdsette kulturlandskapa i Gudbrandsdalen, og den første skriftlege kjelda frå Rudi er eit skinnbrev frå år 1319. Dei siste 8 åra har vi saman med gode medhjelpere utvikla garden til eit kultursenter.

Låvende saker er vårt sårmarprogram med konsertar, revy, teater, servering, utstillinger og "bondeaction".

Det er triveleg å ta imot folk, og vi håper du har ei oppleving som svarer til visjonen vår: "Tenk - å få oppleve någga slik".



Låvende saker 2008 og den nye Rudilåven

Laurdag
31. mai



Opning av Rudiutstillinga 2008

Kl. 19.00 Salsutstilling med eksklusive bilete av kjente Gudbrandsdalskunstnarar frå samlinga til barberer Tor Haugen, Lillehammer. Målarar du finn i utstillinga er Kristen Holbø, Alf Lundeby, Lars Jorde, Einar Sandberg, Knut Sjetne, Ole Mæhle, Carl Fritjof Smidt, Karl Løkke, Per Rosenberg, Magne Gaden, Gustav Wentzel og Tor Refsum. Det er også ei glede å presentere bilde måla av Martha Bertheussen og Ragnhild Slåen.



"Norge rundt på 80 minutt"

Kl. 20.30 Velkjende artistar frå nord, sør, øst og vest byr på festforestilling i høve opninga av den nye Rudilåven:



Artistar Egil Ulateig, Tom Erik Solstad, Camilla Granlien, Guren Hagen, Ulf Arne Johannesen, Solveig Haardnes, Hallgrim Berg, Nina Rudi, Abdul Rahman Surizehi, Åsmund Nordstoga, Håkon Sveen, Terje G. Hong

Husband Vegard Moshagen, Geir Åge Johnsen, Tom W. Rustad, Øystein Rudi.

Ope hus etter forestillinga!

Billetter: www.rudigard.no

"Rudi Gard er en sentral og aktiv kulturformidler i Gudbrandsdalen, og dermed en strategisk og interessant samarbeidspartner for oss", sier kommunikasjonsjef i Peer Gynt, Knut Kvådaland.



4 X KVELI S EINGÅNGSREVVY

Torsdag 5. juni, fredag 6. juni og laurdag 7. juni kl 20.30

Ope gard frå kl 19.00 • Forestilling kl 20.30

**Låvepøbb
med Trond
Halle band
etter fore-
stillinga**

Sigmund Kveli er kjent for sine fyndige kåseri, og frå humorgruppa Trønder og Døl. Her har han med tre slektningar med same etternamn: Sveinung, Gudmund og Jens. Den særeigne Kvelihumoren er utvikla i Lierne, kommunen som elles er mest kjent for mykje bjørn og lite kvinnfolk.

(bill. kr 250,-, låvepøbb e kr 22.30 kr 100,-)

**Fredag
13. juni**

kl 20.30

Ope gard
frå kl 19.00



DnB NOR

**Fredag
20. juni**

kl 20.30

Brass-Brør og Vågå Spelmannslag



**“Eit fyrver-
keri av ein
konsert!”**

storkonsert med dans etterpå

Samarbeidet mellom Brass-Brør og Vågå Spelmannslag blir motteke med stor jubel i fullsette hus. Opplev dette for første gong synna Vågå! Etter konserten blir det fest med musikk av Vågå Spelmannslag, Nye Ringnesin, Lillehammer Trekkspelsklubb, og det er ope “buskspel-krok” for alle som vil og kan.

(Bill 250,- / festbillett etter kl 22.30 kr 150,-)

Go’betakvæill på Rudi

M-M-M; Mat, musikk og morosam-kare

Kjøkensjef Wenche Kvebu inviterer til matopplevingar i Rudilåven. Musikken er det Øystein Rudi som serverer og dei gode historiane har Håkon Sveen og Sigmund Kveli ansvaret for. (kr 390 inkl servering,-)

Billetter: www.rudigard.no

Søndag
22. juni

kl 13.00–17.00

Gråtassshow
kl 15.00

Den store GRÅTASS- & familiedagen

Gråtass kjem med sitt sommarshow til Rudi Gard. Mønstring av traktorar og bilar av edel årgang. Sjå og prøv redskap i moderne landbruk anno 2007: store traktorar, minigraver, store og små 4-hjulingar. Det blir også handverk, dyr og aktivitetar, og mat-servering frå grillen. (bill. inkl. Gråtass-show kr 180,-)



Gardmillom

på RUDI GARD

Fredag 18. juli - søndag 27. juli

GARDMILLOM blir arrangert sist i juli kvart år. Elleve kulturgardar i Gudbrandsdalen byr på konsertar, teater, matopplevingar, utstillinger og mykje meir. Fullstendig program på www.gardmillom.no

Fast program kvar dag under Gardmillom:

kl 12.00 - 16.00: OPE SALSUTSTILLING med kjende Gudbrandsdals-kunstnarar, Ragnhild Slåen og Martha Bertheussen, bilder, Berit Sundslø, skinnfellmakeri og Jorunn Ygre Rogne, keramikk.

RUDI-RUNDEN familierunde med postar i landskapet omkring garden.

kl 13.00: GRÅTASSTUR - i gangfart slik at gamle og unge kan sitja på hengeren eller rusle bak.

kl 14.00: Minikonsert med musikk og historier frå Gudbrandsdalen (gratis inngang).

Utstillingsopning Jorunn Ygre Rogne, keramikk og Berit Sundslø, skinnfellmakeri

Søndag
20. juli

kl 19.00



Tett på Per Tofte -vandring i eit teaterliv

Søndag
20. juli

kl 20.30

Ope gard
frå kl 19.00

Per Tofte er oppvaksen i Sør-Fron, og har levd heile sitt liv på teaterscener i Norge og utlandet. Lokalt er han kjent som Peer Gynt dei 5 første åra ved Gålåvatnet. Her vil Per møte Kari Bay Haugen til samtale om livet som skodespelar, og korleis odelsguten valde eit liv på scena. Per vil også framføre Ibsen's "Terje Vigen". (Bill. kr 190,-)

Tysdag
22. juli

kl 20.30

Spelmannskveld på Rudi

Uformell spelemannskveld med ope scene og dans for alle som kan og har lyst. Intimkonsert med Marie Klåpbakken og Stein Magne Eggen. (Gratis inngang).



Torsdag
24. juli

Konsert kl 20.30

Ope gard, mat
og utstillinger
frå kl 18.00.

Hellbillies - for ung og gammal

Møt årets Spellemenn til stor familiekonsert på Rudi Gard. Før og etter konserten er det musikk og servering i tunet på Rudi, og høve til å rusle i utstillingene. Ta gjerne med sitteunderlag. I tilfelle regn kan konserten bli flytta innandørs.
(Bill kr 270,- / 100 under 15 år)



Laurdag
26. juli

kl 19.00

Såmmårfest med Creedence Night på Rudi Gard



CREEDENCE NORWEGIAN REVIVAL er ei musikalsk kruttønne som ruller over det feststemte land. Opplev Creedence klassikere med innleving og energi! Såmmårfesten er tradisjon den siste laurdagen i juli, og vi gler oss til å fylle tunet på nytt med feststemte og musikkglade folk. (Bill kr 250,-)

Seterdag på Valseter

Søndag
27. juli

kl 12.00 - 16.00



Ope dag med ysting, seterkost, kunst og håndverk, dyr på beite, servering, mjølkebil, Gråtass og hest og aktivitetar som høyrer til. Parkering ved Gålå Skiarena. Valseter ligg rett sør for friluftssena på Gålå. (gratis inngang)

Møt to av våre fremste artister:

Ingrid Bjørnov og Kari Slåttsveen

**Onsdag
6. aug.**

kl 20.30

Bill kr 270,-



Dans med me Solveig

**Fredag
8. aug.**

kl 21.00

- konsert og utdeling av Øivind Berghs minnepris

Øivind Berghs minnepris går til unge lovande
fiolinistar, helst med bakgrunn i folkemusikken.

Prisvinnar i år er **RAGNHILD FUREBOTTEN**

- kjent både som solist og frå gruppa "Majorstuen".

Møt årets- og tidlegare prisvinnarar, saman med
eit eminent husorkester. Arr: i samarbeid med
Peer Gynt stemnet. (Bill. 150,-)

Billetter: www.rudigard.no

«Oppland Fylkeskommune tilrettelegger for de som ønsker å skape og etablere for å oppnå økt
verdiskapning og omstilling i Opplandsamfunnet». Hjalmar Solbjør, Oppland fylkeskommune.

Dølarock med BAKSIA og musikkvenner



**Laurdag
16. aug.**

kl 20.30

Ope gard
frå kl 19.00


Kultbandet BAKSIA kjem på nytt til Rudi Gard, med gjesteartistar! Opplev legendariske dølarock-låtar som aldri blir for gamle. (Bill kr 250,-)

**Laurdag
13. sept.**

frå kl 18.00

Sheep o Høy Bondeaction på sitt beste!

Fartsfylt bonde-action der verdens beste sauaklypparar kjemper mot gardsrekorden frå 2005 på 23,4 sekund. Med storskjerm, musikk, Bjørnar Bakken som hoved-speaker, og horder av engasjerte sauebønder, hyttefolk, bygdafolk og tilreisande er dette ei festforestilling. Heilgrilla lam blir servert frå kl 18.00. (forhåndsbest.). Kl 19.30 blir det taugtrekking og kåring av sterkaste sauesankelaget. Dame- og herreklasse. Etter klyppe-showet kjem **BELFAST LADS** med ekte irsk saueaklyppar-musikk! Samarbeid med Sør-Fron Sau og Geit (Bill kr 320,- inkl heilgrilla lam / 190,- utan servering)



«Rudi Gard et eksempel på kulturbasert næringsutvikling til glede for oss, og hele Gudbrandsdalen.»
Erik S. Winther, adm.dirktør Gudbrandsdal Energi

Billetter: www.rudigard.no

■ UTSTILLINGER PÅ RUDI 2008:

FRÅ LAURDAG 31. MAI



Kjente Gudbrandsdalskunstnarar

Salsutstilling med eksklusive bilete av kjente Gudbrandsdalskunstnarar frå samlinga til barberer Tor Haugen, Lillehammer. Målarar du finn i utstillinga er Kristen Holbø, Alf Lundeby, Lars Jorde, Einar Sandberg, Knut Sjetne, Ole Mæhle, Carl Fritjof Smidt, Karl Løkke, Per Rosenberg, Magne Gaden, Gustav Wentzel og Tor Refsum.



Martha Bertheussen - måleri

Tekst kommer
Tekst kommer
Tekst kommer
Tekst kommer
Tekst kommer
Tekst kommer



Ragnhild Slåen - måleri

Tekst kommer
Tekst kommer
Tekst kommer
Tekst kommer
Tekst kommer
Tekst kommer

Frå 18. juli opnar vi i tillegg utstilling med Jorunn Ygre Rogne, keramikk og Berit Sundslø, skinnfell

Utstillingane er opne i samband med alle arrangement, og alle arbeid er til sals. Under Gardmillom og Peer Gynt Stemnet har vi ope kvar dag, frå kl 12.00 - 16.00.



Unn deg eit godt måltid før forestilling...

Vi tilbyr middag i samband med dei aller fleste forestillingar på Rudi Gard. Ei rekkje bedrifter og vennelag nyttar seg av dette høvet, og frå 2007 åpna vi dette populære tilbodet for alle. Kom til middag i god tid og nyt eit vellaga måltid og spaser til ei spennande forestilling i etasjen over. Ta kontakt med oss for meny og bordbestilling

Arrangement for firma og grupper på Rudi Gard - nå også haust, vinter og vår

Vi lager kvart år ei rekkje arrangement for firma og private grupper. Med den nye Rudilåven tilbyr vi kulturopplevingar, servering og skreddarsydd opplegg for større grupper heile året. Mange bedrifter legg også sine arrangement saman med åpne tilstelningar på Rudi. Ta gjerne kontakt med oss så kan vi finne ut kva som passar best for di gruppe.

Opplev Peer Gynt og bo på Rudisetra på Vallen ved Gålå

På setra tek vi imot inntil 20 personar for sjølhushald i to seterhus med kvart sitt anneks. Vi tilbyr pakker med overnatting inkludert teaterbillett til oppsetjinga av Peer Gynt ved Gålåvatnet. For 2008 er det kun få billett-



tar att, og vi reserverer nå for 2009. Setra er også til leige resten av året. Ski inn - ski ut, både til Gålå Skiarena og til eit fantastisk løypenett for langrenn..

Nye Rudilåven

Vinteren 2008 har vi brukt på å setja i stand nye Rudilåven. Velkome til nye, røffe låvelokaler med detaljer du berre må oppleve – saman med den gamle Rudistemninga!



Hovedsamarbeidspartnere:



Gudbrandsdal Energi



Samarbeidspartnere:

WADAH



Sygard Grytting

Gilde

coop



dialecta
kommunikasjon



kuttipell

gd: Gudbrandsdalen Dagningen

Offentlege medspelarar:

OPPLAND
fylkeskommune



SØR-FRON
KOMMUNE



BILLETTAR:

www.rudigard.no tlf 61 29 86 60

Peer Gynt AS tlf 61 29 47 70

www.billettservice.no tlf 815 33133

Billettar blir seld ved inngangen så lenge det er plass.

Billettprisar er inkludert avgift.



billett
service.no
a ticketmaster company

Med atterhald om
programendringar



Overnatting

Kvitfjell Booking	61 28 36 30	www.kvitfjell.no
GudbrandsGard Hotell	61 28 48 00	www.gudbrandsgard.com
Gålå Høgfjellshotell og Hytter	61 29 76 00	www.gala.no
Wadahl Høgfjellshotell	61 29 75 00	www.wadahl.no
Rondablikk Høgfjellshotell	61 29 49 40	www.rondablikk.no
Dalseter Høvfjellshotell	61 29 99 10	www.dalseter.no
Sygård Grytting	61 29 85 88	www.grytting.com



Rudi Gard

E-post: oystein@rudigard.no • Tel: 61 29 86 60 • Mob 913 85 388

Post: Rudivegen, 2647 Sør-Fron